



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Formannskapet



Møtedato: 10.04.2024
Møtetid: 12:00-17:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset- Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Lars Fjeldstad	Ordfører	SP
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H

Frammøtte varamedlemmer

	Vara for	Parti
Renathe Tangen	Sebastian Andre Haugland	V

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektøren, kommunalsjefen for helse, omsorg og sosial, leiar for kultur og mangfald og Politisk-adm. sekretariat

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS 18/24	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 19/24	Godkjenning av møtebok
PS 20/24	Referatsaker og meldinger
<i>RS 11/24</i>	<i>Prinsipp for verksemdsstyring</i>
<i>RS 12/24</i>	<i>Orientering om ansvars- og eigartilhøve for prestekaien på Hamre</i>
<i>RS 13/24</i>	<i>Framtidsretta vidaregåande skular i Region Nordhordland</i>
PS 21/24	Behov for oppføring av forsterka bustadar
PS 22/24	Behov for justering av løn for støttekontaktar i helse og omsorgstenesta
PS 23/24	Politisk styringsstruktur og reglement - fastsetting av reglement for kommunevalsperiode 2023-2027
PS 24/24	Eigarskapsmelding idrettsanlegg
PS 25/24	Oppdatert selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS
PS 26/24	Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Lars Fjeldstad

Ordførar

PS 18/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 18/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Det var ingen merknader til innkalling og saksliste

Vedtak i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 18/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

PS 19/24 Godkjenning av møtebok

Handsaming i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 19/2024 Godkjenning av møtebok:

Det var ingen merknader til møteboka

Vedtak i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 19/2024 Godkjenning av møtebok:

Møteprotokollen frå 14.02.2024 vert godkjend.

PS 20/24 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 20/2024 Referatsaker og meldinger:

Renathe Tangen, V, hadde slik merknad til referatsak 11/24:

"Under kommunens prinsipp om respekt ønsker vi heller følgende tekst:

Når noen er ærlige, så kan man stole på dem, og det skaper tillit og respekt. Å være ærlig handler også om å være ekte og transparent, selv når det er vanskelig eller ubehagelig."

Det var ellers ingen merknader til referatsakene

Vedtak i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 20/2024 Referatsaker og meldinger:

Referatsakene vert tekne til vitande.

PS 21/24 Behov for oppføring av forsterka bustadar

Handsaming i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 21/2024 Behov for oppføring av forsterka bustadar:

Kim Andre Hartveit, FRP, hadde slik merknad: Det er viktig at bygget denne gongen vert sett riktig veg.

AVRØYSTING:

Samrøystes

Vedtak i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 21/2024 Behov for oppføring av forsterka bustadar:

Formannskapet tilrår bygging av tre bustadar og personalbase på Reigstad.

Investeringa på kr. 7,5 millionar ink. mva blir finansiert på følgjande måte:

- 6,0 millionar i låneopptak (nytt lån)**
- 1,5 millionar i mva kompensasjon**

PS 22/24 Behov for justering av løn for støttekontaktar i helse og omsorgstenesta

Handsaming i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 22/2024 Behov for justering av løn for støttekontaktar i helse og omsorgstenesta:

Kim Andre Hartveit, FRP, sette fram slikt tilleggsframlegg: "Godtgjersla vert auka med 12,5 prosent, sum kroner 225 som kompensasjon for feriepengar."

AVRØYSTING:

Innstillinga vert samrøystes vedteke

Tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 22/2024 Behov for justering av løn for støttekontaktar i helse og omsorgstenesta:

Årleg justering av timesats for støttekontaktar følgjer prosentsatsen av sentralt oppgjer i KS tariffområdet - tariffavtalen sitt kapittel 4, med frådrag av overheng og glidning og med tidspunkt for verknad 01.05 kvart år. Det vert ikkje rekna feriepengar av beløpet. Årleg justering gjeld frå og med lønsoppgjeret 2023.

Godtgjersla vert auka til kroner 225, frå og med 1. mai 2024.

PS 23/24 Politisk styringsstruktur og reglement - fastsetting av reglement for kommunevalsperiode 2023-2027

Handsaming i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 23/2024 Politisk styringsstruktur og reglement - fastsetting av reglement for kommunevalsperiode 2023-2027:

Kim Andre Hartveit, FRP, sette fram slikt framlegg: "Framlegg til tilleggspunkt: I teksten er det vist til begrepet kurante avgjerder.

Definisjonen av kva ei kurant avgjerd er må leggest inn i dokumentet.

Grunngjeving:

Det er greit å bruke eit juridisk begrep i eit reglementet, men det må være forklart kva det tyder slik at alle forstår kva det tyder. Dette er eit reglement for folkevalde, og ikkje alle har juridisk kompetanse. Då må teksten være slik at alle kan forstå den enkelt. Me har i tidligare sett at saker har vorte definerte som kurante vedtak, men ved nærare ettersyn har dei vore langt ifra kurante."

Kim Andre Hartveit, FRP, trakk i denne omgang sitt framlegg.

Vedtak i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 23/2024 Politisk styringsstruktur og reglement - fastsetting av reglement for kommunevalsperiode 2023-2027:

Saka vert sendt vidare til heradsstyret utan innstilling.

PS 24/24 Eigarskapsmelding idrettsanlegg

Handsaming i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 24/2024 Eigarskapsmelding idrettsanlegg:

Alexander Thunestvedt, AP, sette fram slikt endringsframlegg:

"Skytebana på ungdomsskulen vert vurdert lagt inn under øvrige idrettsanlegg."

AVRØYSTING:

Innstillinga vert vedteke samrøystes

Endringsframlegget vert vedteke samrøystes

Vedtak i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 24/2024 Eigarskapsmelding idrettsanlegg:

Eigarskapsmelding for idretts- og friluftslivsanlegg vert lagt ut på høyring med slik endring: skytebana på ungdomsskulen vert vurdert lagt inn under øvrige idrettsanlegg.

PS 25/24 Oppdatert selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Handsaming i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 25/2024 Oppdatert selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS:

AVRØYSTING:

Samrøystes

Vedtak i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 25/2024 Oppdatert selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS:

Kommunestyret vedtek selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS 2024.

PS 26/24 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Handsaming i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 26/2024 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Det var ingen ekstra saker eller spørsmål til dette møtet.

Vedtak i Formannskapet - 10.04.2024 av sak 26/2024 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.

Til å signere møteprotokollen saman med ordføraren vert desse valde: Renathe Tangen og Kim Andre Hartveit.